

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/1132-1

Ny IA-avtale, ein avtale for alle med nye mål og verktøy

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet gjere slikt vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet rår Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vidareføre utvida rett til å nytte eigenmelding av sjukefråvær i inntil maksimalt 8 dagar samanhengande og med eit øvre tak på 24 dagar i 12-månadersperioden.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber administrasjonen arbeide med ulike verkemiddel for å redusere sjukefråværet. Ved å ta utgangspunkt i fylkeskommunen sine fråværestal registrert i 2018, skal fylkeskommune setje mål om å redusere sjukefråvære med ytterlegare 10 % i kommande fire årsperiode.
- 3) Hovudsamarbeidsutvalet ber fylkeskommunen prioritere det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet og rette innsatsen særleg mot lange og/eller hyppige gjentakande sjukefråvær.

Vedlegg:

Regjeringa: «Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv»

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

IA-avtalen med lokal signering vart ikkje forlenga etter 31.12.2018. Det skal ikkje lenger konkret skrivast/signerast ein avtale mellom arbeids- og velferdsetaten (NAV) og verksemda lokalt. Likevel vart intensjonane i den gamla avtalen tilråda ført vidare. Statsråd Anniken Hauglie oppfordra alle verksemder og bedrifter i Norge om å slutte seg til arbeidet med å redusere sjukefråværet. Konkret vart det oppfordra til å setje mål om å redusere fråvære med utgangspunkt i verksemda sine 2018 tal med 10 % i kommande fire årsperiode.

Det er også gode faglege argument for å tillate utvida rett til bruken av eigenmelding. Dette vil generelt avlaste primærhelsetenesta. Vidare vil ein gjennom slikt rett gi ansvar og tillit til sine medarbeidarar. Det har også ved forskning vist seg at denne bruken av utvida tal eigenmeldingar reduserer den totale lengda på kvart einskild fråvær.

Sjukelønsordninga vert ikkje endra i desse kommande åra hevdar statsråden. Dette er i alle fall fram til neste stortingsval. Men det er grunn til å tru at ein eventuell ny regjering etter fk. val vil vere solidarisk med denne føringa.

2. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore IA-verksemd sidan 23. februar i 2011. Vi har vidare i fleire omgangar prolongert avtalen. Den siste avtalen vart underteikna i 2014 og vart gjeldande frå til 31.12.2018. I denne perioden har både arbeidsmiljølova og folketrygdlova gjort endringar som har gjort at dei før avtaleregulerte ordningane no er lovfesta ordningar som gjeld alle verksemdar og bedrifter i landet. Dette gjeld særleg reglane rundt oppfølging av sjukmelde.

Statsråd Anniken Hauglie (H) presenterte den nye IA-avtalen kl. 12.00 den 18. desember 2018. Den nye avtalen skil seg vesentleg frå dei avtalane som har vore framforhandla tidlegare. Her kjem ingen føring for ei bindande skriftleg avtale mellom verksemda og NAV.

Den nye avtalen skal gjelde fram til utgangen av år 2022 og skal gjelde alle arbeidsgjevarar og bedrifter/verksemdar. Dei fleste verkemidlane som velferdsetaten vil tilby vil vere generelle og skal nå alle, medan andre vert meir bransjeretta. Tiltaka skal vere forskingsbasert for å sikre at dei virker. Vi får også ein ny portal for formidling av kunnskap og det vert innført eit nytt kompetansetiltak.

Nye nasjonale mål i komande fireårsperiode er at sjukefråværet skal ned 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018. Det skal bli ei tydelegare konkretisering av måla og det vert innført bransjeretta mål. Vi skal framleis fokusere på å redusere fråfallet frå arbeidslivet.

Langtidsfråvære skal adresserast betre. Arbeidslivsenterane skal no vere tilgjengeleg for alle. Retten til å nytte utvida eigenmelding vert også kommunisert til dei som p.t. ikkje har vore IA-verksemdar. Loven vert utvida med drøftingsplikt for å kunne velgje utvida rett til eigenmelding - dette gjeld mest private verksemdar/bedrifter. Sjukelønsordninga vert ikkje endra i avtaleperioden.

3. KS tilrår oss å vidareføre eigenmeldingsordninga

KS meiner eigenmeldingsordninga bør vidareførast fordi dette er eit godt verkemiddel for dialog på arbeidsplassen. Sekundært peikar KS på at dette bidreg til å avlaste helsevesenet med oppfølging av korttidssjukefråvær.

Dagens reglar om eigenmelding i folketryglova §8-24 gir arbeidsgjevar rett til å krevje legeerklæring etter tre dagars fråvær med eigenmelding. Arbeidsgjevar kan likevel bestemme at eigenmelding kan nyttast for ei lengre periode innafor arbeidsgjevarperioden, det vil seie 16 dagar.

Partane i IA-avtalen gjer framlegg om at denne mogelegheita vert presisert i folketryglova. IA-partane gjer vidare framlegg om å lovfesta ei plikt for arbeidsgjevar å drøfta utvida rett til eigenmelding med dei tillitsvalde. Det ligg i dag ikkje lovkrav om dette. Det er opp til arbeidsgjevar å bestemme dette så lenge det er innafor arbeidsgjevarperioden.

Det er viktig å skape mest mogeleg trygghet rundt dette både for tilsette og for leiarar. Difor gjer vi og KS framlegg om følgjande:

- Eigenmeldingsordninga frå IA-avtalen vert ført vidare.
- Eventuelle endringar i eigenmeldingsordninga skal drøftast med dei tillitsvalde, enten i eige møte eller i AMU eller andre samarbeidsorgan (hovudsamarbeidsutvalet).
- Eigenmeldingsordninga skal takast inn i administrative retningslinjer, personalreglement, for eit avgrensa tidsrom, til dømes til 31.12.2022 (IA-avtalen sin nye periode), eller til det tidspunkt retningslinjene eller personalreglementet skal reviderast. Det er ikkje naudsynt med eigen avtale om dette.
- Ordninga skal kommuniserast tydeleg til alle tilsette og leiarar.

4. Konklusjon

ⁱ NAV Arbeidslivssenter er ein samarbeidspartner for eit inkluderande arbeidsliv (IA), og er eit ressurs- og kompetansesenter for verksemdar som ønskjer å samarbeide med NAV om eit meir inkluderande arbeidsliv. IA-arbeidet finner stad på arbeidsplassen, der arbeidsgjevar og arbeidstakar samarbeider systematisk for å utvikle ein meir inkluderande arbeidsplass.

Fylkeskommune ønskjer å halde fram med utvida rett til nytte eigenmeldingar. Vidare at fylkeskommunen overordna/samla og på einingsnivå, set mål om ytterlegare reduksjon av sjukefråværet i samsvar med dei føringane som ligg i nasjonale mål. Dette ved å rette innsatsen særleg mot lange og/eller hyppige gjentakande sjukefråvær.